



ALF STAVIK (B. 1918)

From Harøysund, Fræna in Romsdal. Alf is another musician that I first heard of through the traditional music archive, even though he lives just ten miles from where I grew up. The videotape showed an old man with a strange clarinet in his hands, a clarinet with holes instead of keys, and a leaning towards blue notes. He had inherited the clarinet, which is probably more than 150 years old, from his father, Mads Andreas Stavik (1869–1959), who also taught him his tunes. Alf can no longer play his clarinet, but he is still able to tell stories from Fræna in the old days, of fiddlers, events and the music of old.

OLA KALLSET (1895–1982)

From Bøfjorden, Surnadal in Nordmøre. He later moved to Torjolvågen, Tingvoll in Nordmøre. Ola came from a musical family and learnt many tunes from his brother Knut. In a sense, Ola represented a new kind of fiddler, deeply involved in youth societies, language politics and the temperance movement. His Hardanger fiddle playing had a freshness to it that I have tried to absorb.

OLA SØYSETH (1911–1997)

Was born in Stangvik, Surnadal in Nordmøre, but grew up at Øyamoen in Surnadal. He developed an interest in fiddling and traditional music when he was 16. Later on, he turned to the Hardanger fiddle. In 1990, Ola Søyseth recorded 24 tunes for the collector Fred Ola Bjørnstad. A number of these are quite rare, among them some reinlanders and waltzes that convey an unusual, melancholy atmosphere.

TWO OF THE TUNES ON THIS ALBUM APPEAR ON OTHER TA:LİK RELEASES: KLARINETTPOLKA APPEARS ON TA17, AND THOMASKLOKKELÄTTEN ON TA1, TA4, TA6, TA10 OG TA24.

THE SOURCES:

PETER L. RYPDAL (1909-1988)

From Tresfjord, Romsdal. My grandfather Peter was a farmer and roadman, but music took up a major part of his life. He learnt to play the fiddle from his grandfather, Jakob L. Kjersem (1862-1944), who knew a lot of village dance and old-time dance tunes. Apart from the traditional music, there was a lot of new music coming to Tresfjord throughout the 1880s by way of the army band stationed at Setnesmoen, Åndalsnes. Tresfjord musicians added newer dance tunes to their repertoires. Many of these were technically demanding, with elements from classical music such as vibrato and playing beyond the first position, and an approach to timbre altogether different from that of older traditional music. My grandfather was typical of the performers of his generation, influenced by

both old and new dance traditions as well as classical music. This is reflected in his compositions: traditional springer tunes, wedding marches and modern dance tunes, as well as a classical Andante and a couple of village songs.

JOHN RØEN (1936-1999)

From Stangvik, Surnadal in Nordmøre. John played both fiddle and Hardanger fiddle, he was a singer, and he was even a capable whistler. I've spent many hours listening to his recordings, and his wonderful feel for the music of Nordmøre never ceases to amaze me. In particular, I love the way he incorporates the traditional blue notes as a natural part of his playing. I only remember John Røen as a singer at county championships in the 1990s. Thankfully, he left behind a large number of recordings, so I can still listen and learn his tunes and playing style.

OLE BLØ (B. 1920)

From Midøya, Midsund in Romsdal. When Ole Blø was young, there was an active fiddlers' community on the islands at the mouth of the Romsdal fjord. He is among the very few people who still remember the local traditional music and are able to pass it on. My first experience with Ole Blø was through a cassette from the traditional music archive at Volda. I was immediately taken with his frisky playing style, embellished with cheerful quavers. Later, I was delighted to visit Ole in his home, to hear him play and watch him handle his fiddle, his large workman's hands sliding nimbly up and down the fingerboard. Since then, we've met many times, and I am very grateful for Ole's eagerness to share his music with me.

NÅR EG TEK FELA I HENDENE, får eg uttrykkstrong og sjølvmedvit. Fela er for meg ein måte å kommunisere på, og i folkemusikken føler eg meg fri til å uttrykke meg som eg vil. I møte med publikum opplever eg folkemusikken som særleg eigna til å treffe folk der dei er, med det ærlege, nære og kraftfulle uttrykket den har.

Eg har vakse opp i ein familie med mykje musikk, og dei første slåttane fekk eg lære av mamma. Pappa spelar piano og to av søskena mine er musikarar. Bestefar min på morssida var spelemann, og musikken etter han var mitt første møte med folkemusikken. Bestefar gjekk bort då eg var 8 år, så eg fekk ikkje lære av han direkte, men eg har i ettertid fått lære slåttane hans av mamma og gjennom opptak av bestefar. Seinare har eg fått utvida horisonten min både gjennom arkivopptak og direkte møte med mange spanande spelemenn. Eg er takksam for alt arbeid som er gjort med å ta vare på denne musikken. Ei særleg takk til alle dykk som raust har lært vekk slåttane dykkar.

Jorun Marie, oktober 2006

PÅ DENNE PLATA får de høyre slåttemusikk frå Nordmøre og Romsdal: Mørkeraude, sindige og klangfulle slåttar frå Tresfjord, irrgroene, luftige og muntre danseslåttar frå Midsund, og dei sølvblå, knivskarpe frå Nordmøre. Trekkspelar Øyvind Sandum spelar med meg på fem av slåttane, resten er solo fele.

Øyvind Sandum (f. 1982) er frå Lalm i Vågå og har vakse opp i ein familie med mykje folkemusikk både på mor- og farsida. Dag Gården og onkelen Ola Sandum har vore dei viktigaste inspirasjonskjeldene hans. Øyvind har tatt folkemusikkutdanning ved Ole Bull Akademiet, Voss. Øyvind spelar trekkspel på spor 4, 5, 12, 13, og 14.

JORUN MARIE R. KVERNBERG
(F. 1979) FRÅ FRÆNA I ROMSDAL.
HAR TATT UTØVANDE FOLKEMUSIKKUTDANNING VED NORGES MUSIKKHØGSKOLE MED FELE OG HARDINGFELE SOM HOVUD-INSTRUMENT. LEVER I DAG SOM FRILANS FOLKEMUSIKAR. MEL-LOM ANNA SOM FELESPELAR I GRUPPENE TINDRA OG MAJORSTUEN.

LITT OM KJELDENE:

PETER L. RYPDAL (1909-1988)



Frå Tresfjord i Romsdal. Peter, bestefar min, var gardbrukar og vegvoktar av yrke, men musikken var ein vel så stor del av livet hans. Bestefar lærte å spele fele av sin bestefar, Jakob L. Kjersem (1862-1944), som hadde mykje bygdedans og eldre runddansmusikk på repertoaret. Ved sida av den gamle tradisjonsmusikken kom mykje ny musikk til Tresfjord på 1880-talet gjennom militærmusikken, som var stasjonert på Setnesmoen, Åndalsnes. Nyare danseslåttar kom på repertoaret til Tresfjordmusikarane. Mange av dei var teknisk krevjande og inneheldt element frå kunstmusikken, til dømes posisjonsspel og vibrato. Dei hadde også eit anna klangideal enn den eldre folkemusikken. Bestefar var ein typisk muskar av sin generasjon. Han beundra både gamalt springarspel, nyare rundansmusikk og klassisk musikk. Det finn me att i komposisjonane hans: Springarar i gamal stil, bruremarsjar, nyare runddansmusikk, dessutan ein klassisk «Andante» og eit par bygdesongar.

JOHN RØEN (1936-1999)



Frå Stangvik, Surnadal på Nordmøre. John spelte både fele og hardingfele, han song og var dessutan ein god plystrar! Eg har jobba mykje med arkivopptak etter han og sluttar aldri å undre meg over den fantastiske kjensla han har for Nordmørsmusikken, og særleg korleis den gamle tonaliteten inngår som eit naturleg element i musikken han framfører. Eg hugsar berre John Røen som songar på fylkeskappleikar på 1990-talet, men dei mange opptaka etter han gjer at eg i ettertid heldigvis kan lytte og lære slåttar og spelestil.

OLA KALLSET (1895-1982)



Frå Bøfjorden, Surnadal på Nordmøre, flytta sidan til Torjulvågen, Tingvoll på Nordmøre. Ola var frå ein musikkfamilie og lærte mange slåttar av broren Knut. Ola var på ein måte ein ny type spelemann med sterkt engasjement i både ungdomslag, målsak og fråhaldssak. Ola har ein frisk tone i hardingfela som eg har prøvd å tileigne meg.

PICKING UP MY FIDDLE fills me with confidence and creative spirit. To me, the fiddle is a means of communication, and traditional music gives me the freedom to express myself the way I want. When facing an audience, I've found that traditional music, with its sincere, intimate and powerful style, is particularly suited to touching people's hearts.


I grew up as part of a music-loving family, and learnt the first fiddle tunes from my mother. My father plays the piano, and two of my siblings are musicians. My maternal grandfather was a fiddler, and his music was my introduction to traditional music. My grandfather passed away when I was eight years old, so I never had him as a tutor, but later on I learnt his tunes from my mother and from recordings of his own playing. Since then, I have widened my knowledge by studying source recordings and meeting a number of master fiddlers. I am grateful for all the work that is being done to preserve this music, and especially for the generosity of all the people who have taught me their own tunes.

Jorun Marie, October 2006

THE TUNES ON THIS ALBUM come from Nordmøre and Romsdal: Deep red, sober and sonorous tunes from Tresfjord; bright green, breezy and upbeat dance tunes from Midsund; steel blue and razor sharp tunes from Nordmøre. Accordionist Øyvind Sandum joins me for five tracks, the remainder of the pieces are for solo fiddle.

Øyvind Sandum (b. 1982) comes from Lalm in Vågå and a family steeped in traditional music. His major sources of inspiration were Dag Gården and his own uncle, Ola Sandum. Øyvind studied traditional music at the Ole Bull Academy, Voss. Øyvind plays the accordion on tracks 4, 5, 12, 13, and 14.

JORUN MARIE R. KVERNBERG (B. 1979) COMES FROM FRÆNA, ROMSDAL. A GRADUATE FROM THE NORWEGIAN COLLEGE OF MUSIC WITH FIDDLE AND HARDANGER FIDDLE AS HER MAIN INSTRUMENTS, SHE IS CURRENTLY FREELANCING AS A TRADITIONAL MUSIC PERFORMER WITH THE GROUPS TINDRA AND MAJORSTUEN, AS WELL AS IN OTHER SETTINGS.



OLE BLØ (F. 1920)



Frå Midøya, Midsund i Romsdal. Øyane ytst i Romsdalsfjorden hadde eit aktivt spelemannsliv då Ole Blø var ung, med gamaldansen i høgsetet. Han er ein av få som har den lokale folkemusikken i minnet og i fingrane i dag, og som kan vidareformidle den. Ein kassett frå folkemusikkarkivet i Volda var mitt første møte med Ole Blø. Dette spretne spelet, rikt krydra med små muntre trillar, fanga meg straks. Det var stort å få møte Ole i heimen hans, høyre og sjå korleis han trakterte fela si, korleis dei store arbeidsnevane villig sklei opp og ned på gripbrettet. Sidan har det vore mange møte, og eg set stor pris på Ole sin vilje til å dele musikken sin med meg.

ALF STAVIK (F. 1918)



Frå Harøysund, Fræna i Romsdal. Alf møtte eg også først gjennom eit opptak frå folkemusikkarkivet, trass at han bur berre halvanna mil frå der eg har vakse opp. Ein videokassett viste ein eldre mann med ein heilt spesiell klarinett mellom fingrane, ein klarinett med fingerhol og skeiv tonalitet. Denne klarinetten, som truleg er over 150 år gamal, arva han etter faren sin, Mads Andreas Stavik (1869-1959), som han også fekk lære slåttane av. Alf kan ikkje lenger spele på klarinetten sin, men han kan fortelje om spelemannslivet som fanst i Fræna før – om spelemenn, historiene og musikken.

OLA SØYSETH (1911-1997)



Fødd i Stangvik, Surnadal på Nordmøre, men voks opp på Øyamoen i Surnadal. Fela og folkemusikken fekk han interesse for i 16-års alderen, sidan også hardingfela. I 1990 spelte Ola Søyseth inn 24 slåttar på lyd-band for innsamlaren Fred Ola Bjørnstad. Mange av desse er sjeldne slåttar, mellom anna ein del reinlenderar og valsar med ei særleg vemodig og spesiell stemning.

01. FLYGARN

TRAD. ETTER JOHN RØEN

John Røen, som eg har slåtten etter, syntest dette er ein treffsikker slått: «Han skildra faggeln som letta oppå fjellet og flyg avsted». Slåtten skal ha vore brukt av Ola «Grävinn» Kvande (1834–1918) frå Groven på Kvanne, Surnadal.

02. HAVELLA-VALSEN

TRAD. ETTER OLA SØYSETH

Også denne valsen er inspirert av ein fugl, andefuglen havelle. Havelle har med sin karakteristiske song vore inspirasjonskjelde til mange slåttar, særleg langs kysten. Valsen finst i mange former og med fleire namn, mellom anna «Nordmørsvalsen», «Vals i tvi-møll» og «Ørsalvalsen» etter spelemannen Halvard Ørsal. Nordmøringane *kan* vals, og dette er kanskje den vakraste slåtten eg veit om.

03. MASURKA

TRAD. ETTER PETER L. RYPDAL

Masurkaen har eg lært etter opptak av bestefar, som igjen lærte den av sin bestefar, Jakob Kjersem. Den speglar på mange måtar gamal runddansmusikk frå Tresfjord: På den eine sida har den kunstmusikalske trekk med bakgrunn i militærmusikken, men i tillegg har den tidvis ei overraskande melodilinje som skil seg frå formlane i nyare gamaldansmusikk.

LITT OM SLÅTTANE:

KONTAKT:
JORUN@KVERNBERG.COM
WWW.JORUNKVERNBERG.COM

Spelt inn på skihytta i Moss 20.–23. mai 2006.
Opptak, miks og mastering: Fridtjof A. Lindeman
Produsent: Synnøve S. Bjørset
Grafisk design: Eva Karlsson
Foto: Yina Chan
Styling: Camilla Granlien
Engelsk omsetjing: Svein Svarverud

Arrangement på spor 4, 5, 12 og 13 ved Jorun Marie R. Kvernberg og Øyvind Sandum.
Arrangement på spor 14 ved Kvernberg, Sandum og Peter L. Rypdal.

Takk til Øyvind Sandum, Harald Lund, Camilla Granlien, Frode Rolandsgard, Niels J. Røine, Ole Blø, Martha Gjermo, Kari Sveen, Åshild Vetrhus, Kjellrun Hammes Espe og Helge Husby. Takk til alle utøvarar, arkiv og andre som har tatt vare på folkemusikken heime. Takk til mine læremeistrar: Jasminka Penjin, Martin Due, Leif Rygg, Sven Nyhus, Håkon Høgemo, Einar Olav Larsen, Majorstuen og Tindra. Tusen takk til Synnøve S. Bjørset, kjærasten min Øyvind, mamma og pappa.

Utgjevinga er støtta av Norsk Kulturråd – Fond for Utøvende Kunstnere – Fond for lyd og bilde – Norsk Folkemusikkfond – Rådet for folkemusikk og folkedans – Bud, Fræna og Hustad Sparebank – Fræna kommune – Sunndal kommune.

13. SEPARATORAGENTEN

TRAD. ETTER OLE BLØ

Då Ole var gutunge, kom det ein dag ein framandkar til garden Blø. Han ville selje ein separator. Vel inne i stova tok han ein gitar ned frå veggen. Framandkaren og far til Ole, Peder, byrja straks å spele i lag. Då mannen for derifrå, hadde Peder fått seg ein ny separator og lært seg ein ny reinlender, som sidan fekk dette artige namnet.

14. KLARINETTPOLKA

AV PETER L. RYPDAL

Komposisjonen er tydeleg påverka av militærmusikken. Dette er ein virtuos slått der melodien er bygd opp av brotne akkordar, introduksjon og mellomdel går i fritt tempo og vibrato og posisjons-spel er med som naturlege element. Bestefar laga opprinneleg slåtten til ein dyktig klarinettist, Erlandsen, som han møtte på eit orkesterkurs. Bestefar spelte dessutan klarinett sjølv, både slåttespel og korpsmusikk.

15. BRURDANS FRÅ NORDMØRE

TRAD. ETTER JOHN RØEN

Brurdansen har John Røen teke frå ei notenedskrift etter Iver Rasmussen Eide (1874–1951). Kanskje speglar slåtten ein eldre tradisjon der ein totakts- og ein tretakts-slått vart sett i hop. Eg vel å spele den meir som ein lydarslått, slik mange lydarslåttar er bygd i dag, med utdrag av ein danseslått i midten.

04. BLØ

AV JORUN MARIE R. KVERNBERG

Felespelaren Ole Blø fekk «Blø» til 85-års dagen sin 7. oktober 2005. Reinlenderen vart laga som tingingsslått til festivalen Árinn ein måned tidlegare.

05. POLKETT

TRAD. ETTER OLE BLØ

Ole Blø spelte inn ein artig polkett for innsamlar Olav Sæta i 1983. Då eg fann att slåtten på ein LP frå 1968, «Sigbjørn Bernhoft Osa spiller gamle danser», rekna eg med at det var slik slåtten kom til Midsund. Kjelda til Osa var Nils Tveit frå Tveitsund i Telemark. Eg fekk meg ei ny overrasking då eg tilfeldigvis kom over ein cd med israelsk jiddisch-musikk, der nettopp denne slåtten dukka opp både som instrumental og som song med tekst på jiddisch!

06. REINLENDER

TRAD. ETTER PETER L. RYPDAL

Bestefar har lært reinlenderen av sin bestefar, Jakob L. Kjersem. Slåtten har truleg samme opphav som masurka, spor 3.

LITT OM SLÅTTANE:

07. VEGVOKTAREN

AV PETER L. RYPDAL

Bestefar førte vidare mykje av slåttemusikken han hadde etter Jakob L. Kjersem, men i tillegg laga han også nye slåttar, mellom anna tre springarar. Vegvoktaren har fått namn etter bestefar sitt yrke.

08. BRUREMARSJ I A

AV PETER L. RYPDAL

Bestefar laga tre bruremarsjar, og desse vart han kjent for over heile landet. I dag kan ein finne dei att med andre kjelder og opphavsstader, og i Gudbrandsdalen finn ein til og med ein av dei i polkatakatt! Eit gledeleg teikn på at dei har fått sitt eige liv utanom notearket og opphavsmannen. «Bruremarsj i A» er hans første bruremarsj og ein av dei første slåttane eg lærde – av mamma heime i stova.

09. SPRINGAR

TRAD. ETTER OLA KALLSET

Hardingfela etablerte seg på Nordmøre på byrjinga av 1900-talet – med bakgrunn i ei nasjonalromantisk bølge over heile landet. Hardingfela var eit mykje tydelegare nasjonalt symbol enn «dusinfela», «tyskfela», «flatfela» og andre utnamn som den vanlege fela fekk på denne tida. Storspelere som til dømes Halvard Ørsal (1876–1943), måtte gå over til hardingfela om det skulle vere mogleg å ha folke-musikken som levebrød. På Nordmøre resulterte det mellom anna i at tradisjonelle nordmørsslåttar vart overført direkte til hardingfela. Ein fekk då ein særeigen bruk av instrumentet med mange element frå felemusikken, både teknisk og musikalsk. Mange av dei lokale slåttenemningane vart også bytt ut til fordel for meir nasjonale nemningar, slik som til dømes «polsdans» gjekk over til «springar» fleire stader på Nordmøre. Ola Kallset lærte slåtten av broren Knut.

10. SPRINGAR

TRAD. ETTER JOHN RØEN

Denne Todallspringaren skal ha vore mykje brukt av dei to storspelmennene Halvard Ørsal og Hans Fabian Godtfred von Eppingen (1830–1888), båe frå Nordmøre. Godtfred kom frå ein høgståande familie: «... udkom fra en eldgammel og vidt berømt familie von Eppingen og det Romerske Riges høygrevelige Friherre af Waldenburg Prussen». Faren og farfaren var velstående offiserar, og det var venta av Godtfred at han følgde i deira fotspor. At han likevel valde å trasse familien sine krav og å krysse sosiale skilje i samfunnet, viser at han må ha hatt ein sterk kjærleik til fela og folke-musikken. Ola Kvande skildrar Godtfred sitt spel slik: «Dei andre spelmena spelar no ikkje i meir enn to-tre durar, men han Gottfred spelar i tvidur og obligadur og alle dei durar som tenkjast kan...».

11. THOMASKLOKKENE

TRAD. ETTER JOHN RØEN

Då hardingfela kom til Nordmøre, følgde mange av dei store og nasjonalromantiske slåttane med. Valdresslåttan «St. Thomas-klokkene på Filefjell» er ein av dei som har kome til Nordmøre og fått si eiga form der.

12. MASURKA

TRAD. ETTER ALF STAVIK

Mads Andreas Stavik, far til Alf, spelte mykje til bryllup og dans i Fræna. Eg kan ikkje tru anna enn at golvet vart fullt når han spelte ein så god danseslått!



LITT OM SLÅTTANE:

TO AV SLÅTTANE KAN DU OGSÅ HØYRE PÅ ANDRE TALLIK-UTGJEVINGAR: KLARINETTPOLKA PÅ TA17, OG THOMASKLOKKELÅTTAN PÅ TA1, TA4, TA6, TA10 OG TA24.